



MIDSUND KOMMUNE
6475 MIDSUND

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I MIDSUND KOMMUNE

Jfr. Lov 17. juni 2005 nr 64 om barnehagar, § 7 (Barnehagelova)

Tidlegare vedtatt i kommunestyre 29.04.96, K.sak 96/034, med endring i K.sak 96/141, K.sak 97/050, K.sak 99/015 og K.sak 99/105, K.sak 01/030. 30.08.01, K.sak 01/058., K.sak 04/028, sist endra i kommunestyret 14.12.06, K.sak 06/68.

I. EIGARFORHOLD

Midsund kommune eig og driv barnehagane i samsvar med "Barnehagelova", rammeplana og andre forskrifter og retningsliner som Kunnskapsdepartementet til ei kvar tid fastset, samt kommunale vedtak om drift av barnehagane.

II. FORMÅL

Formålet med barnehagedrifta er å sikre barn i Midsund kommune gode utviklings- og aktivitetstilhøve i nær forståing og samarbeid med heimen til barna. Barnehagen skal hjelpe til å gi barna ei oppdraging i samsvar med kristne grunnverdier.

III. ÅRSPLAN

Barnehagane skal ha ein årsplan som gir oversyn over den pedagogiske verksemda gjennom året i samsvar med mål og retningsliner i "Rammeplan for barnehage" (Lov 17. juni 2005 §2 niande ledd). Gjennom handsaming av årsplanen i samarbeidsutvalet skal føresette og eigar ha verknad på utforminga av barnehagen sitt innhald.

IV. BARNES RETT TIL MEDVERKNAD

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Barn skal jamleg få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd. Barnets synspunkt skal tilleggjast vekt i samsvar med barnets alder og modning. Jf FNs barnekonvensjon, artikkel 12 nr1.

V. SAMARBEID MED BARNETS HEIM

Det er foreldra som har ansvar for barnet si oppdraging, jf barnekonvensjonen.

Barnehagen skal hjelpe heimen i deira omsorg- og oppdragaroppgåver, og på den måten skape eit godt grunnlag for barnets utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn. Barnehagen og foreldra må vise gjensidig respekt og forståing for kvarandre sitt ansvar og oppgåver i forhold til barnet.

Med samarbeid meinast regelmessig kontakt, der informasjon og grunngevingar blir utveksla. Personalet må arbeide for å finne balansen mellom respekt for foreldra sine prioriteringar og å ivareta barns rettar og grunnleggjande fellesverdiar som barnehagen er forplikta på. Barnehagen må og invitere foreldra til medverknad.

For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf barnehagelova § 4.

Barnehageeigar skal sørge for at saker som er viktige føreleggjast foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

- 1. Foreldreråd (FO)** består av foreldra/dei føresette til alle barna i barnehagen. FO skal fremme deira fellesinteresser og medverke til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Ved røysting har kvart barn ei røyst.
- 2. Samarbeidsutvalet (SU)** skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ for alle partar som på ulike måtar har eit ansvar for barnehagen sitt innhald og drift. SU skal mellom anna fastsette barnehagen sin årsplan.

2.1 Samarbeidsutvalet skal ha slik samansetning (Midsund barnehage i parentes):

- 1 (3) repr. vald av foreldrerådet
- 1 (3) repr. vald av dei tilsette
- 1 (2) repr. vald av kommunen (eigar)

- Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv med leiar
- Einingsleiaren/styraren er sekretær for samarbeidsutvalet og har møte-
tale og forslagsrett.

VI. OPPTAK AV BARN

Kommunen skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess slik at likebehandling av barn og likebehandling av kommunale og private barnehagar blir sikra. Jf barnehagelova § 12.

Barnehageopptaket blir gjort av Rådmannen.

1. Søknad om opptak skal førast på fastlagt skjema og sendast til Midsund kommune ved Rådmannen

Søknadsfrist er den 1. april kvart år.

Søknader som kjem inn etter søknadsfristen blir ikkje vurdert før hovudopptaket er gjort, og desse vert då sett nedst på ventelista.

2. Det blir berre høve til å søkje om heil og halv plass.
 - 3 2.1 Einingsleiar kan etter at hovudopptaket er gjort gjere opptak av andre typar
 - 4 plassar for eit år av gongen.
 - 2.2 Opptak av barn i løpet av året vert avgjort av einingsleiar, etter prioritert venteliste.

- 2.3 Dersom det er ledig plass, kan einingsleiar gi høve til kjøp av dagopphald for barn som allereie har plass. Foreldra må avtale med einingsleiar kvar gong dei ønskjer å kjøpe dag.
3. Klageinstans er Formannskapet.
4. Ein søkjar som har fått plass, og teke imot, beheld plassen til han vert sagt opp.
5. Oppseiing av plass skal sendast skriftleg til einingsleiaren 2 månader før barnet skal slutte.
 - 5.1 Siste frist for oppseiing i barnehageåret er 1. april. Søknaden om oppseiing av plass må vere levert styrar seinast 1. februar. Ved sluttdato i april eller seinare, blir det kravd foreldrebetaling for resten av barnehageåret. Dette gjeld og søknad om redusert plass.
 - 5.2 I spesielle høve kan styrar etter søknad gjere unntak frå denne regelen.
 - 5.3 Etter 1. april blir ledige plassar primært tildelt barn som har fått plass det påfølgjande året.
6. Rådmannen disponerer 2 plassar, for å rekruttere og behalde personell.
 - 6.1 Plassane blir tildelt i samband med det ordinære hovudopptaket til barnehagane.

VII. PRIORITERING VED OPPTAK AV BARN

Ved tildeling av plass i barnehagane skal det takast omsyn til at barnegruppa ikkje vert einssidig samansett når det gjeld borna sin alder eller kjønn. Minst halvparten av plassane bør vere heile.

Der barn stiller likt i høve til prioriteringslista, skal det eldste barnet prioriterast.

Følgjande prioritering gjeld ved opptak av barn:

1. Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne.

Barn det er fatta vedtak om etter lov om barneverntenester § 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Jf barnehagelova § 13.

2. Barn/familiar som har spesielle behov og barnehageplass er tilrådd av fagleg instans som PPT, lege, helsesyster, barnevern. Dokumentasjon skal følgje søknaden og bli vurdert under opptaket.
3. Søkjarane blir vurderte etter stillingsstorleik og arbeidstid.
4. Barn som allereie har plass i barnehagen.
5. Søsken til dei som allereie har plass.

VIII. FORELDREBETALING

1. Maksimalgrense for heildagstilbod blir fastsett i Stortingets årlege budsjettvedtak. Kommunen fastsett administrativt foreldrebetalinga for deltidstilbod.

Søskemoderasjonen blir fastsett etter gjeldande forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

2. Får ein barnehageplass den 15. i månaden eller før, skal det betalast for heil månad. Får barnet plass etter den 15. skal det betalast for halv månad. Juli månad er betalingsfri.
3. Det vert til vanleg ikkje gjort trekk eller fritak for tilfeldig fråvær. Vert barnet borte samanhengande veker eller meir, på grunn av sjukdom eller andre særlege høve, kan einingsleiaren etter skriftleg søknad godkjenne trekk eller fritak av avgift. For første månad blir trekk sett til halvparten av gjeldande sats. Ved fråvær over 1 månad kan det gjevast fritak av avgift for resten av fråværsperioden. Det må leggjast ved legeattest eller anna dokumentasjon når ein søker.
4. Ved ikkje innfridd betaling for opphald inntil 2 månader kan einingsleiaren seie opp plassen til barnet.
5. Med utgangspunkt i økonomiske forhold kan ein søkje om redusert betaling/friplass. Eventuell søknad rettast til Midsund sosialkontor.

IX. OPNINGSTID

- Nord-Heggdal barnehage 0-5 år, - opningstid frå kl. 07.00 - 17.00.
- Midsund barnehage, avdelingane Blåklukka 3-5 år, Marihøna 0-3 år, og Regnbuen 1-5 år, - opningstid frå kl. 06.45 – 16.45.
- Raknes barnehage 1-5 år, - opningstid frå kl. 06.45 - 16.45.

Styraren kan i samråd med foreldra avtale kortare opningstid.

Barnehagane held stengt 5 dagar i barnehageåret for avvikling av kurs- og planleggingsdagar for personalet.

X. TILVENJING

Når eit barn skal ta til i barnehagen bør nærmaste føresette (eller ein som barnet er knytt til) ta seg tid til å vere hjå barnet i tilvenjingsperioden. Det vil seie til barnet har funne seg til rette i barnehagen.

XI. SJUKDOM OG HYGIENE

Før eit barn startar i barnehagen, skal det leggst fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingar på helsestasjon, kan slik erklæring bli gitt av barnets føresett, jf barnehagelova § 23.

Sjuka barn må ikkje møte i barnehagen. Med sjuka barn meiner ein: Barn som har feber, omgangssjuka, utslett eller andre sjukdomar som gjer at barnet ikkje kan vere ute eller treng ro. Dersom det er alvorleg smittsam sjukdom i heimen, må heller ikkje barnet møte. Allmenntilstanden til barnet må vere så bra at det kan fylgje vanlege aktivitetar ute og inne.

Vert eit barn borte frå barnehagen på grunn av sjukdom eller andre grunnar, må det meldast frå til barnehagen første fråværsdag.

Dei hygieniske forholda i barnehagen vert godkjent av Midsund kommune.

Medisinering av barn i barnehagen må avtalast med einingsleiar.

XII. MAT OG KLEDE

1. Foreldrerådet bestemmer korleis rutinane med mat i barnehagen skal vere i samråd med dei tilsette.
2. Barna sine klede må vere tilpassa ver og årstid. Alt tøy må vere godt merka med barnet sitt namn.

XIII. FERIE

1. Ferie:
Barna skal ha minst 4 veker ferie i eit barnehageår. Alle ferievekene må vere heile. Føresette må på førehand gi melding til styrar når barna skal ha ferie.

Nytt ferieår for barnehagen startar ved nytt barnehageår.
2. Sommarferie:
Minst 3 av ferievekene i eit barnehageår skal avviklast i skulen sin sommarferie. Føresette må melde frå om når barna skal ha sommarferie innan 1. mai.
3. Juleferie:
Barnehagane har ope jul- og nyttårsaftan til kl. 12.00. Kvardagane i romjula har vanleg opningstid. Av omsyn til bemanninga må foreldre/føresette melde frå om borna kjem i barnehagen i romjula.
4. Påskeferie:
Barnehagen har vanleg opningstid måndag og tysdag i påskeveka. Onsdag før skjærtorsdag er det stengt frå kl. 12. Foreldre/føresette må melde frå om borna kjem i barnehagen desse dagane

XIV. ANSVAR OG FORSIKRING

- Personalet har ansvaret for barna den tida dei er i barnehagen og foreldra ikkje er til stades.
- Så lenge foreldra er til stades, er barna foreldra sitt ansvar.
- Foreldre må sjølv syte for å bringe og hente barna sine.
- Foreldra skal vere med inn i barnehagen når dei bringer.
- Munnlege beskjedar frå foreldre via barna blir ikkje godteke.

Midsund kommune har forsikra barna i barnehagen gjennom kollektiv ulykkesforsikring. Forsikringa dekkjer ulykkesskade som rammer barna medan dei under barnehagen si leiing deltar i aktivitetar, ekskursjonar, reiser og liknande, samt på direkte veg til og frå

XV. AREALUTNYTTING

Dei kommunale barnehagane skal ha eit leike- og opphaldsareal per barn på minimum 4 kvm netto per barn over 3 år, og minimum 6 kvm netto for born under 3 år. Borna sitt leikeareal ute bør vere 6 gonger leike- og opphaldsareal inne.

XVI. INTERNKONTROLL

Kvar barnehage skal ha eit internkontrollsystem. Einingsleiar har ansvar for oppdatering, at kontrollrutinar blir fylgde og at personalet er gjort kjent med internkontrollsystemet og sine ansvarsområde.

XVII. PERSONALET

Midsund kommune rekrutterer og tilset personalet i barnehagane.

- Tilsette i barnehagane har teieplikt etter reglane i Forvaltningslova §§13 til 13f.
- Barnehagepersonalet er ikkje hindra av teieplikta, ved opplysningsplikt til barnevernstenesta, i særlege høve, jf barnehagelova § 22 og lov om barneverntenester § 4-10, § 4-11, § 4-12 og § 4-24. Opplysningar skal normalt bli gitt av styrar.
- Den som skal arbeide i barnehagane må leggje fram tilfredsstillande politiattest jf barnehagelova § 19. Poliattiattesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømd for seksuelle overgrep mot barn. Personar som er dømde for seksuelle overgrep mot barn, er utelukka frå arbeid i barnehagane.
- Barnehagepersonell har plikt til å gjennomgå adekvat tuberkulosekontroll, jf barnehagelova § 23.

XVIII. VEDTEKTER

Kommunestyret som fastset desse vedtektene har rett til å endre dei til ei kvar tid. Endring av vedtektene skal leggjast fram for foreldrerådet og samarbeidsutvala i barnehagane til uttale.

